



Bokprosjekt om: Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!

NB! Me har sendt søknaden til fylket sitt: Kunstprosjekt og kulturtiltak profesjonell. Men oppdaga etterpå ordninga for Større kulturtiltak med regional verdi, som me meiner prosjektet vårt passar inn under.

Me har i dette budsjettet tatt vekk søknaden til Fritt Ord då me ikkje fyller deira krav om innhald og har fått eit avslag tidlegare i år. Difor har me behov for å søkje ein større sum frå fylket.

Bakgrunn:

I perioden 2014 -2016 gjennomfører Harding Puls kunstprosjektet:

Mellom Himmel og Fjord. Sjå!, der kunstnarar skaper kunst ute i landskapet i Hardanger, med støtte frå Hordaland Fylke sine KUP- midlar, Sparebankstiftinga Hardanger, Norsk Kulturråd, Nordisk Kulturfond, Kulturkontakt Nord med fleire.

Sluttresultatet vert til saman kring 58 -60 kunstverk på 3 år.

Kvífor ei bok om kunst i landskapet i Hardanger ?

Det hardangerske landskapet har vore eit ikon for den nasjonale identiteten for Norge som vart skapt av kunstnarane på 1800-talet. Nasjonalromantikarane let seg inspirere av det storlagne i landskapet vårt mens dei sat utanlands og malte det.

Dagens kunstnarar har gjennom kunstprosjektet *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!* tilnærme seg og gått fysisk inn i det same landskapet, og skapt kunstytringar utifrå dagens premissar. Dialogen med vår eiga samtid, både lokalt og globalt er det viktige tema.

Tema som kunstnarane har tatt tak i er mellom anna:

- korleis ser storsamfunnet på vår felles natur og verdien av den.
- samtidsmenneske sin framandgjering frå naturen.
- neste generasjon sin dragning mellom arv og forventningar og draumen om globetrotteren og verdsborgaren.

Kunstverka har ei avgrensa levetid. Nokre kunstverk vil stå utover prosjektperioden, mens andre berre står 1-3 år før dei vert øydelagt av ver og vind og må ryddast vekk.

Det er difor eit viktig mål å få ei profesjonell publisering av kunstprosjektet som bidreg og skapar nye impulsar og ytringar ute i distriktet i Norge.

Boka skal verte eit praktverk både for kunsten som er skap i prosjektet *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!* og den skal vise landskapet i Hardanger i samanheng med dagens kunst.

- Boka vil vera med å løfta Hardanger sin identitet som kunstregion vidare frå nasjonalromantikken og opp til dagens samtids med dagen kunstytringar og tema.

Bokprosjektet skal og:

- bidra til at kunstverka og deira impulsar til sine omgjevnadar lever vidare.
- setje spørklys på korleis og kunst- og naturoppleving kan kombinerast.
- vise både kunsten og det storlagene landskapet i Hardanger.
- seie noko om møte og dialog mellom publikum og kunst ute i landskapet.
- synleggjera ulike kunstytringane kring i landet vårt, ikkje minst ute i distriktet.

Når kunstprosjekt på 3 år er over i 2016 vil me ha foto av:

- | | |
|---------|---|
| 30 verk | av 17 kunstnarar frå Hardanger |
| 15 verk | av 15 kunstnarar frå andre deler av Norge |
| 15 verk | av 14 kunstnarar frå resten av Norden |

Deltakrarar i utvikling av boka

Fotografen Oddleiv Apneseth fotograferer kunstverka i alle dei 3 åra prosjektet på går. Fotodokumentasjonen er lagt inn som ein del av sjølve kunstprosjektet *Mellom Himmel og Fjord. SJÅ!* Soleis er den delen allereie finansiert, og me har mange flotte foto i arkivet vårt som skal vera med i boka. Fotografen vil vera med å velje ut og redigere fotoa til boka og sikre den fotografiske kvaliteten.

Redaksjonen: prosjektleiar Solfrid Aksnes, kunstnar Aud Bækkelund (begge frå Harding Puls) og kurator Kjell-Erik Ruud, skal saman med fotografen ha ansvar for utveljing av foto til boka. Redaksjonen har også ansvaret for å utvikla heilskapen og tydeleggjere målet boka skal ha.

Kurator Kjell-Erik Ruud skriv om prosjektet sin relevans i vår samtid og hans vurderingar av val av kunstnarar. Han vil og skrive om eit av kunstprosjekt som ikkje vart realisert p.g.a. at naboane ikkje yngste innhaldet i det. Samt og ein video som vart stoppa p.g.a. innhaldet og den mediemarksemda det gav.

Dette vil seier noko om kunstnarane sin moglegheita til å ytra kontroversielle tema i kunsten i det opne rommet. Spørsmålet er om dette er spesielt for distrikt Norge eller og for byane ?

Kunsthistorikar Synnøve Marie Vik skal skrive ein fagleg artikkel om kunst i landskap som også vil vera relevant i forhold til prosjektet vårt.

Skribent (ikkje gjort avtale enno) skal skrive korte omtaler og betraktingar for kvart av dei 58 -60 kunstverka.

Prosjektleiar Solfrid Aksnes skal skrive ei innleiing om bakgrunnen for kunstprosjektet

Program - innhald:

Kvart kunstverk skal presenterast på to 2 oppslag.

Det eine oppslaget vil ha eit stort flott foto av kunstverket med namn på kunstnar og tittel og ein omtale/samtale med kunstverket. Det andre oppslaget skal fortelje ei relevante og interessant historier og møtepunkt og så vidare gjennom fleire foto. 60 stk x 2 oppslag.

Kunsthistorikaren Synnøve Marie Vik: fagleg tekst om Kunst i landskapet	2 oppslag.
Kurator Ruud sin tekst om prosjektet og utval av kunstnarar	2 oppslag.
Prosjektleiar Solfrid Aksnes sin til Introduksjon og bakgrunn for prosjektet	1 oppslag.
Foto og rapport frå inspirasjonstreff og samtalar mellom kunstnarane.	2 oppslag

Tidsplan for arbeid og utgjeving av boka i 2016

- Mai - august: Utveljing av fotomaterialet og planlegging v/ fotograf og prosjektgruppa.
1. august Artiklar frå, kunsthistorikar, kurator, prosjektleiar og skribenten.
- august: Språkvask og oversetjing til engelsk.
- 01 sept: Levere materiale til designar
15. okt Levere til trykking
01. des 2016 Utgjeving og lansering av boka.

Søkjar og prosjektansvarleg

Den tverrfaglege kunstnarorganisasjonen Harding Puls.

v/styreleiar for Harding Puls og prosjektleiar for bokprosjektet: Solfrid Aksnes,

Samarbeidspartnar

Me har intensjonsavtale med Bokforlaget SKALD som vil produsere boka for oss.

Dei er kjent for å produsere kvalitetsbøker.

Det er Harding Puls som har ansvaret for innhald og økonomi.

Språk

Språket i boka vert nynorsk.

For å vera relevant innanfor debattar i kunstverden vert det også ein engelsk oversetjing ved sida av den nynorske teksten.

Målgruppe.

Det ålmenne publikummet men og interessegruppe innan kunst og kultur.

Den vert aktuell for innbyggjarane i Hardanger og alle tilreisande. Fokuset både på kunsten og naturen vil gje boka eit større publikum.

Boka vil og verte ei flott gaveobjekt både for kommunane og andre som ynskjer ei gave som gjev eit blikk på Hardanger.

Vedlegg:

I dette dokumentet: Liste over alle kunstnarane

Vedlegg: Eksempel på 7 bokoppslag av 4 kunstverk.

VIKTIG!

Me gjer merksam på at vedlegget ikkje er ferdige sider og heller ikkje rett tekst som me vil bruke i boka. Me arbeider med å finne ein skribent som kan skrive litt om kvart verk.

Men det viser nokre av foto som er aktuelle for boka og eksempel på oppsett.

Vedlegg: CV og intensjonsavtalar

Foto av kunstverka er grunnlaget for den visuelle forteljinga.

Liste over kunstnarane som deltek i perioden 2014 – 2016

Ingeborg Annie Lindahl	(Norge)
Tom Stian Kosmo	(Norge)
Lasse Årikstad	(Norge)
Anne Knutsen	(Norge)
Kristin Velle-George	(Norge)
Peder Istad	(Norge)
Wencke Kvalstad Eckhoff	(Norge)
Rune Guneriussen	(Norge)
Karen Bit Vejle	(Norge)
Mona Nordaas	(Norge)
Ann Kristin Aas	(Norge)
Unni Askeland	(Norge)
Kirsti van Hoegee	(Norge)
Gitte Sætre	(Norge)
Vanesa van Vlerken	(Norge)
Judith Elisabeth de Haan	(Norge/Hardanger)
Aud Bækkelund	(Norge/Hardanger)
Nina Bang Larsen	(Norge/Hardanger)
Lars Korff Lofthus	(Norge/Hardanger)
Guro Øverbye	(Norge/Hardanger)
Ingunn van Etten	(Norge/Hardanger)
Felieke van der Leest	(Norge/Hardanger)
Svein Nå	(Norge/Hardanger)
Johild Mæland	(Norge/Hardanger)
Arne B. Mælen	(Norge/Hardanger)
Silje Solvi	(Norge/Hardanger)
Wim van den Toorn	(Norge/Hardanger)
Solfrid Aksnes	(Norge/Hardanger)
Els Geelen	(Norge/Hardanger)
Agurxane Concellon	(Norge/Hardanger)
Siri Ø. Kvalfoss	(Norge/Hardanger)
Simone Hooymans	(Norge/Hardanger)
Åsa Maria Bengtsson	(Sverige)
Bjørn Kromann-Andersen	(Danmark)
Vibeke Nørgaard Rønsbo	(Danmark)
Siri Kollandsrud	(Danmark)
Tinna Gunnarsdottir	(Island)
Jaakko Pernu	(Finland)
Essi Korva	(Finland)
Tuomaso Korkalo	(Finland)
Sauli Miettunen	(Finland)
Jyrki Siukonen	(Finland)
Jyrki Poussu	(Finland)
Kari Södö	(Finland)
Esa Meltaus	(Finland)
Päivi Laakso	(Finland/Norge)